



Stabsleiare og seksjonsleiare

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2014/402	1929/2015	BARDSETH	031	18.02.2015

Melding om vedtak i kommunestyret 12.2.2015, sak 7/15

**KOMMUNEREFORM – ORIENTERING OM LOKAL FRAMDRIFTSPLAN**

**Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 12.02.2015**

**VEDTAK:**

Ørsta kommunestyre tek orientering om lokal framdriftsplan til vitande no.

**Handsaminga(30 r.f.)**

**Formannskapet si tilråding vart vedteke med 30 mot 0 røyster**

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng  
Politisk sekretær

## **Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 03.02.2015**

### **TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

Ørsta kommunestyre tek orientering om lokal framdriftsplan til vitande no.

### **Handsaminga(9 r.f.)**

**Formannskapet vedtok med 9 mot 0 røyster å leggje saka fram for kommunestyret i samsvar med rådmannen si tilråding.**

---



**ØRSTA KOMMUNE**

## **SAKSFRAMLEGG**

---

Sakshandsamar: Gro Anita Bårdseth

Arkivsak: 2014/402

Løpenr.: 918/2015

---

---

<b>Utvalsaksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
17/15	Ørsta formannskap	03.02.2015
7/15	Ørsta kommunestyre	12.02.2015

---

Saka gjeld: **KOMMUNEREFORM – ORIENTERING OM LOKAL FRAMDRIFTSPLAN**

### **TILRÅDING TIL VEDTAK:**

Ørsta kommunestyre tek orientering om lokal framdriftsplan til vitande no.

## Uprenta saksvedlegg:

- Fylkesmannen sitt forventingsbrev, dagsett 15.10.2014
- Sak om kommunereform i kommunestyret 11.09.2014 (k-sak 56/14)
- Sak om kommunereform i kommunestyret (lokal prosess) 11.12.2014 (k-sak 85/14)

## Samandrag av saka:

Saka er ei vidareføring av sak om lokal prosess, handsama i kommunestyret 11.12.2014. Saka tidfestar folkeavrøysting og innbyggjarundersøking, og aktivitetar og milepålar våren 2015.

## Saksopplysningar:


### Kommunereform fase 1

I tråd med Fylkesmannen sitt forventningsbrev med framdriftsplan, fatta Ørsta kommunestyre hausten 2014 prosessvedtak om kommunereforma (k-sak 56/14 og k-sak 85/14).

Kommunestyret har i sak 56/14 eit tilleggspunkt om folkeavrøysting;

- 4. Det skal haldast folkeavrøysting om kommunereforma før Ørsta kommune tek stilling til meir bindande kommunesamanslåing innan 1/7-2016.


Fylkesmannen har vurdert vedtaka og Ørsta kommune vert tildelt kr. 200 000 i skjønsmidlar til arbeid med reforma.



### Organisering av arbeidet med kommunereform lokalt

Lokal prosjektgruppe er etablert og består av ordførar (prosjektleder), varaordførar, to hovudtillitsvalde, rådmann og kontaktperson for kommunereforma, jf. k-sak 85/14.

Prosjektgruppa foreslår å forenkle organisasjonsopplegget noko i høve til slik det var tenkt i utgangspunktet, ved å sløyfe eiga referansegruppe for prosjektet. Prosjektgruppa foreslår at kommunestyret får denne funksjonen.



*Organisasjonskart kommunereform Ørsta kommune.*

### Aktivitetar og milepålar vår 2015

Kommunereforma er no inne i fase 2 i hht Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin framdriftsplan. Våren 2015 vil ein lokalt arbeide med gjennomføring av ulike medverknadsaktivitetar og informasjon mot folkevalte, tilsette, innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor. Reformarbeidet i denne fasen inneber også utgreiing av aktuelle samanslåingsalternativ (jf. eiga sak om identifisering av samanslåingsalternativ). Arbeidet vert organisert ved lokal prosjektgruppe. I den grad det er hensiktsmessig vil ein koordinere aktivitetane med nabokommunar, og dra veksjar på ressursar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Sunnmøre regionråd.

### Aktivitetar og milepålar våren 2015;

- tenketank, møteserie februar-april
- folkemøte, mars/april, etter at Stortingsmelding om oppgåvefordeling ligg føre
- orientering om kommunereforma ved ordførar, i Ungdomsråd, Eldreråd, Råd for likestilling av funksjonshemma
- orientering om kommunereforma ved rådmann, i leiarforum, faste dialogmøte med hovudtillitsvalde, samt andre aktuelle forum for tilsette
- utgreiing av aktuelle samanslåingsalternativ (faktaunderlag), jf. eiga sak
- sak i kommunestyret, mai/juni, om faktagrunnlag og samanslåingsalternativ
- 01.07.2014, rapporteringsfrist til Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- informasjonsopplegg om kommunereforma er under utarbeiding, og vert sett i gong så snart som råd

### Kommunereform fase 2 og 3

Prosjektgruppa har vurdert tidfesting av innbyggjarundersøking og folkeavrøysting innanfor rammene av overordna framdriftsplan.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet tilbyr kommunane eit opplegg for innbyggjarundersøking (venta å vere ferdig til sommaren 2015). Prosjektgruppa foreslår å

gjennomføre slik innbyggjarundersøking i oktober 2015, etter valet. Utgangspunkt for undersøkinga vil vere identifiserte samanslåingsalternativ og vurderingar av desse. Resultat av innbyggjarundersøkinga vert å legge til grunn for sonderingar og forhandlingar med aktuelle partar, på nyåret 2016.

Det alternativet som vert forhandla fram vert det gjennomført folkeavrøysting over, i mars/april 2016.

Kommunestyret handsamar sak om ny kommunestruktur, mai/juni 2016.

VÅR 2015	HAUST 2015	VÅR 2016
Lokale prosessar (tenketank, folkemøte, orientering og informasjon)		
Identifisering av samanslåingsalternativ og vurdering av desse		
Kommunestyret i mai/juni, sak med faktagrunnlag og samanslåingsalternativ		
	Kommuneval 14. september	
	Innbyggjarundersøking i oktober	
	Kommunestyret i november/desember, presentasjon av innbyggjarundersøking	
		Forhandlingar med aktuelle partar, desember/januar/februar
		Presentasjon av resultat for kommunestyret, februar/mars
		Folkeavrøysting i mars/april, om framforhandla alternativ
		Kommunestyret i mai/juni, sak om framtidig kommunestruktur

### *Framdriftsplan 2015-2016.*

#### **Vurdering og konklusjon:**

Opplegg for lokal prosess slik det er gjort greie for i saka, meiner rådmannen legg til rette for medverknad og involvering, og at det sikrar framdrift hht nasjonale og regionale tidsplanar.

Det er viktig at opplegg for lokal prosess er open, men også fleksibel og budd på tilpassingar. Kommunestyret sitt vedtak om folkeavrøysting (jf. k-sak 56/14) er tidfest til mars/april 2016 og vert ei røysting over framforhandla samanslåingsalternativ.

Likestillingsmessige sider ved saka:

[Konsekvensar for folkehelsa:](#)

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Ørsta, 28.01.2015

Wenche Solheim  
rådmann

---